



Kjetil Alvestad
SKAGETJERNVEGEN 57
5258 BLOMSTERDALEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:
21/426 - 17 / CMS

Dato:
11.04.2022

Klage på avslag om dispensasjon - gbnr 166/1 - Vestre Sævrøy - flytebrygge

Me synar til brev frå 04.04.2022.

Kommunen treng å få presisert nokon ting vedrørande brevet frå dykk.

Som tidlegare nemnt i rettleiing i saka så er det ikkje mogeleg å klage på Statsforvalteren i Rogaland sitt vedtak. Saka er endeleg avgjort hjå Statsforvalteren. Etter plan- og bygningslova § 1-9 er departementet klageinstans. Denne kompetansen er delegert frå departementet til Statsforvalteren.

Det einaste de kan gjere vidare er å velje å ta saka inn for Sivilombudet, eller å ta saka for retten. Eg vil anbefale at de ikkje veljar å ta saka til retten. Sannsynet for å vinne fram er knapt til stede i denne saka. For ordens skuld vil me påpeike at både frå administrasjon og politisk hald vart saka di sett med positive auge i kommunen.

Kommunen forstår brev frå de som ein ny søknad. Viss så er tilfelle er dette ein ny sak som krev ny handsaming. I så tilfelle vil denne saka gå gjennom same prosess som tidlegare søknadsprosess.

Me ber om stadfesting at de ønskjer handsaming av ny sak i kommunen før me eventuelt startar handsaming.

Kommunen vonar de får ein god påske.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Asbjørn Nagell Toft

Mottakere:

Kjetil Alvestad

SKAGETJERNVEGEN 57

5258

BLOMSTERDALEN